

## Saksprotokoll i fylkestinget - 11. og 12.12.2018

Fylkesordføreren gav slikt svar:

Det stemmer at Statens vegvesen (ved Plan og forvaltning Voss og Hardanger) i byrjinga av oktober var i møte med Etne kommune om omklassifisering av gamlevegen utanfor Stordalstunnelen på E134. I samanheng med omklassifiseringa var det også naturleg å drøfte skiltinga av både nye veganlegget og gamlevegen.

Det må presiserast at Stordalsprosjektet er i SVV si eige, men er ikkje overlevert internt i SVV frå prosjektet til drift og vedlikehald. Det er utarbeida ein vedteken skiltplan. Skilta som er sett opp er dessverre ikkje heilt i samsvar med denne planen. Mellom anna manglar det skilting til Husnes og ferjesymbol. Me håpar at skiltinga skal rettast opp i innan kort tid. Me har ikkje teke stilling til skilting av snøggåten. Skilting til Skånevik Fjordhotell er meldt inn til SVV og sakshandsaminga pågår.

Det er semje om at det er uheldig at det ikkje er kome opp rett skilting i krysset. SVV jobbar for å få retta opp i skiltinga snarast.